



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 13.06.2017

**Sak nr.:** 16/9296-15

**Internt l.nr.** 24316/17

**Sak:** 24/17

**Tittel:** Ekspressbåtane Sogn - Bergen

**Behandling:**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 måned i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
2. Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av hovudutvalet for samferdsle og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, Visit Sognefjord og Norled om mogelege løysingar for ei slik samankopling.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet:

Ved vurdering av eventuell ny ruteproduksjon skal fylket sine forpliktingar til klimaomsyn og reduserte utslepp vektleggast.

**Arbeidarpartiet og Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til endring av punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet:

Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av Samferdsleutvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, kommunane i Ytre Sogn, Norled og reisemålsselskapa Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord om mogelege løysingar for ei slik samankopling. Fylkestinget ber om ei klargjering av kostnader og konsekvensar for dei reisande. Det skal og undersøkast høvet til å innføre differensiert prising for dei reisande.

**Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Av klimaomsyn bør ikkje ekspressbåttilbodet utvidast i skuldervesongane før nullutsleppsteknologi er moden. Å auke klimagassutsleppa med 360 000 liter (2,2% av fylkeskommunale utslepp) tilsvarer ein auke på 992 844 kg CO<sub>2</sub>.
2. Av same årsak bør ikkje endestoppet endrast til Flåm. Her vil tilsvarande klimagassauke bli 541 001 kg. Til saman vil klimagassauken bli om lag 1,5 tonn/år, basert på tala frå saksutgreiinga. I tillegg har Flåm allereie gode bussforbindelsar til/frå Bergen.

3. Den totale økonomiske situasjonen i prosjekta, tilseier at fylkeskommunen kan pådra seg ei auka utgift på fleire millionar kroner. Dette må utgreiast før vidare handsaming av saka.

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og vart forkasta.

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteke mot 1 røyst.

Framlegget frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet til punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti fekk 6 røyster og vart forkasta.

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
2. Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av Samferdsleutvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, kommunane i Ytre Sogn, Norled og reisemålsselskapa Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord om mogelege løysingar for ei slik samankopling. Fylkestinget ber om ei klargjering av kostnader og konsekvensar for dei reisande. Det skal og undersøkast høvet til å innføre differensiert prising for dei reisande.